



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato
03.05.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/6076
Dykkar referanse

Mottakarar i samsvar med adresseliste

Krav om finansiell sikring for nokre mottaksanlegg for farleg avfall

Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall vart endra 1. januar i år. Kommunale eller interkommunale mottak for farleg avfall med lagringskapasitet på meir enn 50 tonn farleg avfall må nå søke om løyve. Løyvet vil mellom anna ha krav om finansiell sikring. Kravet om finansiell sikring gjeld òg for kommunale eller interkommunale mottak med avgrensa ansvar, sjølv om lagringskapasiteten ikkje overstig 50 tonn. Fylkesmannen ber om tilbakemelding på om de har anlegg som vert omfatta av endringane innan 1. juli 2016.

Etter endringa i avfallsforskrifta kapittel 11 må kommunale mottak med lagringskapasitet for farleg avfall på meir enn 50 tonn ha løyve frå Fylkesmannen, jf. avfallsforskrifta § 11-7 punkt e. For desse anlegga gjeld i tillegg krava i vedlegg 4 til kapittelet, med mindre krava som vert sett i løyvet er strengare.

Kven skal stille finansiell sikring?

Punkt 4 i vedlegget sett krav om finansiell sikring. Òg private selskap eller aksjeselskap som utfører oppgåver for kommunale eller interkommunale mottak skal stille finansiell sikring. Tilsvarande gjeld dersom kommunen organiserer sitt mottak i AS med avgrensa ansvar. Dette gjeld sjølv om lagringskapasiteten ikkje overstig 50 tonn. I samsvar med prinsippet om at forureinar betaler, skal sikringa tryggje at det er pengar til opprydding dersom ei verksemd vert lagt ned, har betalingsproblem eller går konkurs.

Når anlegg skiftar eigar eller driftsansvarleg

Dersom eit anlegg skiftar eigar eller driftsansvarleg må ny finansiell sikring etablerast **før** det er tillate å ta imot farleg avfall ved anlegget.

Om sikringa

Sikringa skal dekke kostnadane som maksimalt kan oppstå ved handtering av det farlege avfallet, inkl. meirverdiavgift. Størrelsen skal reknast ut frå den mengda farleg avfall de har lov til å lagre i løyvet. Dette gjeld sjølv om den faktiske lagringskapasiteten til anlegget er mindre en den tillatne langringsmengda. Informasjon som må vere med i utrekninga er mellom anna:

- Avfallsstofftype (EAL-kode/avfallsstoffnummer)
- Lagertype (t.d. tank, stykkods)

- Maksimal tillaten lagringsmengd (m³ og tonn)
- Kostnader ved sikring av det farlege avfallet (t.d. tilsyn med anlegget, strømutfgifter, utføring av driftsrutinar inkl. analyser osv.)
- Pris for lasting og transport (kr/tonn)
- Pris for lovleg handsaming og sluttdisponering (kr/tonn)

EE-avfall inkl. lysstoffrøyr og sparepærer og avfall frå skip er ikkje omfatta av kravet om finansiell sikring.

Det er verksemda som skal legge fram forslag til kostnadane som kan tenkjast å oppstå, og sikringa skal vurderast kvart femte år, eller oftare om naudsynt.

Kontopant eller påkravsgaranti

To typar finansiell sikring vert sett på som tilstrekkeleg; kontopant og påkravsgaranti. Verksemda må sjølv velje ein av desse. Sjå vedlegga for meir informasjon om dei ulike sikringane. Fylkesmannen ber om at dei vedlagde malane vert brukt.

Godkjenning av finansiell sikring

Når forslag til finansiell sikring er sendt inn skal den godkjennast av Fylkesmannen.

Ber om tilbakemelding innan 1. juli 2016

Fylkesmannen ber om tilbakemelding innan 1. juli 2016 på om de har anlegg som vert omfatta av endringane i kapittel 11. Dersom de har anlegg som vert omfatta, kan de allereie no byrje å forberede forslag til finansiell sikring.

Frist	
Tilbakemelding om anlegg er omfatta av endringane	1. juli 2016

Med helsing

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Mari Katrine Berg
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Innhald i forslag til finansiell sikring og om typar finansiell sikring
- 2 Modell for beregning av finansiell sikkerhet
- 3 Mal for etablering av kontopant
- 4 Mal for etablering av påkravsgaranti

Mottakarar:

BIR AS	Postboks 6004	5892	Bergen
FjellVAR	Lonavegen 20	5353	Straume
Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS	Haraldseidvågen 288	5574	Skjold
Indre Hordaland Miljøverk	Postboks 161	5701	Voss
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	Lindåsvegen 1260	5956	Hundvin
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	Svartasmoget	5419	Fitjar

Kopi til:

Askøy kommune	Postboks 323	5323	Klepppestø
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	Bergen
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	Bremnes
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Etne kommune	Postboks 54	5591	Etne
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	Fedje
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Fjell kommune	Postboks 184	5342	Straume
Fusa kommune	Postboks 24	5649	Eikelandsosen
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Granvin herad	Postboks 13	5733	Granvin
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	Jondal
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Os kommune	Postboks 84	5202	Os
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	Tysse
Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Sund kommune	Postboks 23	5371	Skogsvåg
Sveio kommune	Postboks 40	5559	Sveio
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	Ulvik
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	Dalekvam
Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	Rong